



Innkalling til Utval for levekår

Møtedato: 08.03.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00

Medlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside , slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Det vert synfaring ved Meland sjukeheim, Marihøna barnehage og Leiketun barmehage.

Sakliste

Saknr	Tittel
16/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
17/2016	Godkjenning av møtebok
18/2016	Referatsaker
19/2016	Informasjon om utbygging på Sagstad og Grasdal skule
20/2016	Barnehageplan 2016-2020
21/2016	Dirigentsstilling Sagstad skulekorps
22/2016	Framdriftsplan for gamle Holsnøy meieri til kulturføremål
23/2016	Alkoholpolitisk handlingsplan for Meland kommune 2016-2019
24/2016	Orientering om drift Meland sjukeheim
25/2016	Aktuelle saker

11. april 2016

Sølvi Norunn Knudsen
møteleiar

Rita C. Kvalheim Sætre
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre	033	16/607

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
16/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Innkalling og sakliste vert godkjent.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre	033	16/607

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
17/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Godkjenning av møtebok

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Møtebok vert godkjent.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre	033	16/607

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
18/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
18/2016.1	Melding om tilsyn med Meland kommune 05., 06. og 08.04.16 - helse- og omsorgstenester til personar med psykisk utviklingshemming
18/2016.2	Møtoreferat - møte i Nasjonal legemiddelberedskapskomité 26.01.16
18/2016.3	Norskopplæring for innvandrarar
18/2016.4	Prosjektmandat «Tidleg innsats og identifisering» (administrativ bestilling)
18/2016.5	Protokoll frå møte i Helseutvalet 8.januar 2016
18/2016.6	System for internkontroll - grunnskulen i Meland

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Meldingane vert tekne til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen		16/562

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Informasjon om utbygging på Sagstad og Grasdal skule

Saksopplysningar:

Prosjektleder Ronny Landaas frå tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK), vil orientere «Utval for levekår» om status utbygging på Sagstad og Grasdal skule.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A10, TI - &30	14/4081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Barnehageplan 2016-2020


Saksopplysningar:

Bakgrunn

Barnehageplan for perioden 2016-2020 er den tredje barnehageplanen til Meland kommune. Den siste planen er frå 2010-2012. (KS-sak 16/12 2009). I sak 031/13 vedtok «Utval for levekår» oppstart av arbeid med revidering av barnehageplan for perioden 2013-2017. Arbeid med planen har vore utsatt i fleire periodar. Årsak til utsetjing har vore mangel på kapasitet, ønskje om å gjennomføre ei foreldreundersøking og nye endringar i barnehagesektoren nasjonalt. Planperioden er difor endra til 2016-2020 og vil no følgje valperioden.

Vurdering

Grunnlaget for mål, strategi og tiltak som er lagt fram i utkast til barnehageplanen er basert på nasjonale og kommunale føringar, analyse av data frå årsmeldingar og brukarundersøkingar. Det er forska på kvalitet. Dansk Clearinghouse for Uddannelsesforskning (DCU) har gått gjennom 289 forskingsrapportar frå 2006 til 2011 og undersøkt kva som meinas med kvalitet i barnehagen. Dei finn fire ulike typar kvalitet og denne modellen er brukt som kvalitetsindikatorar i planen.



Figur 1: Modell over kvalitetstyper

Dei *strukturelle elementa* ved kvalitet inkluderer normering og bemanning, barnehagepersonalet sine kvalifikasjonar og utdanning, arbeidsforhold, samt fasilitetar og ressursar i barnehagen. Strukturelle faktorar er i høg grad styrt av rammer utan for barnehagen, som økonomi.

Dei *prosessuelle elementa* ved kvalitet handlar om interaksjon mellom barn og vaksne, og

barnehageleing.

Innhald- og resultatelementa kan ofte vere vanskelig å skilje frå kvarandre. Innhaldskvalitet skildrar barnehagen sin «indre kvalitet» og korleis barnehagen lever opp til krava i rammeplanen. Resultatkvalitet er ofte knytt til korleis føresette og barna oppleve kvaliteten t.d. barnet si utvikling, innhaldet i barnehagen, kompetanse til dei tilsette, trivsel m.m.

I planen skisserast mål for planperioden basert på desse fire kvalitetstypene. Forslag til mål:

Kvalitetstypar	Mål i planperioden
Strukturell kvalitet	<ul style="list-style-type: none">· Mål om å få 80% fagarbeidarar· 50 % av dei tilsette skal vere pedagog· 20 % menn i barnehagane· Tilby barnehageplass i gode fysiske omgjevnader· Kompetanseheving av personalet i tråd lokale og nasjonale behov
Prosesskvalitet	<ul style="list-style-type: none">· Styrke arbeidet med informasjon og samhandling med føresette· Føresette og barn skal bli møtt med respekt og vert teken på alvor· Personalet skal vise omsorg for barnet
Innhaldskvalitet	<ul style="list-style-type: none">· Arbeid med språk i barnehagane· Arbeid med realfag i barnehagane· Arbeid med tidleg innsats i barnehagane· Arbeid med berekraftig utvikling i barnehagane
Resultatkvalitet	<ul style="list-style-type: none">· Barn skal oppleve vennskap med andre barn· Barn skal ha oppleve glede og trivsel barnehagen

Folkehelse: Samfunnsmandatet til barnehagane handlar om utvikling av folkehelsa.

Miljø: Ikkje aktuelt.

Økonomi: Ikkje aktuelt. Kostand knytt til tiltak i planen vert vurdert saman med budsjettarbeidet kvart år.

Konklusjon

Utkast til barnehageplan 2016-2020 (kvalitetsdel) vert sendt på høyring til barnehagane, fagorganisasjonane og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Høyringsfristen vert satt til 19.04.2016 (seks veker). Plan vert ettersendt eller delt ut i sjølve møtet.

Framlegg til vedtak:

«Utkast til barnehageplan 2016-2020 (kvalitetsdel) vert sendt på høyring til barnehagane, fagorganisasjonane og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Høyringsfrist vert sett til 19.04.2016 (seks veker).»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva		16/588

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
21/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Dirigentsstilling Sagstad skulekorps

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Tenesteområde kultur fekk 11.2.2015 brev frå Sagstad skulekorps der dei søkte om å få utvide stillinga som dirigent for skulekorpset frå 10,28% til 30%. Rosland skulekorps har dirigentsstilling på 30,81% og Sagstad skulekorps ønskjer same ressurs som dei. Dei fekk til svar at saka skulle vurderast i samband med den totale ressurstilgangen for kulturskulen. Under budsjetthandsaminga for 2016, vart det ikkje lagt til nødvendige ressursar for å utvide stillinga. Sagstad skulekorps sende i november 2015 spørsmål til ordføraren sin spørjetime om korleis saka om utviding av dirigentsstillinga no stod. Saka har vore til orientering på to møter i ULK etter dette.

Vurdering

Det er ikkje vanskeleg å sjå behovet for å rette opp i misforholdet mellom ressursane til dirigent for skulekorpsa i kommunen. Ved starten på budsjettarbeidet i 2015 låg auke i dirigentsstillinga til Sagstad skulekorps inne som første prioritet, men i løpet av arbeidet fall ressursen som var tiltenkt kulturskulen vekk og dermed og utviding av dirigentsstillinga.

Kulturskulen klarte å tilføre Sagstad skulekorps 5,13% ved naturleg avgang og nedprioritering av andre tilbod med lange ventelister.

Når arbeidet med budsjettet for 2017 vert sett i gang vil framleis utviding av dirigentsstilling til Sagstad skulekorps ha første prioritet dersom ressurstilgangen gjer dette mogeleg.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – ikkje relevant

Økonomi – må sjåast i samanheng med budsjettarbeidet for 2017

Konklusjon

Det er viktig at skulekorpsa opplever ei størst mogeleg grad av like vilkår når det gjeld ressursar. Sagstad skulekorps bør difor prioriterast ved neste budsjettår.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek saka til vitande og ber om at dirigentstillinga til Sagstad skulekorps vert prioritert ved neste budsjetthandsaming.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C50	15/2324

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
22/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Framdriftsplan for gamle Holsnøy meieri til kulturføremål

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I møte den 19.1.2016 vedtok Utval for levekår i ULK-04/2016, 15/2324 -4, at «...Det vert oppretta ei administrativ arbeidsgruppe med mandat å prosjektere å ta vare på Holsnøy meieri til kulturføremål. Utval for levekår ber om at det vert gjeve løypemelding/framdriftsplan i neste møte»

Vurdering

Oppdraget til ei slik gruppe må vere å utarbeide eit så klart prosjekt som mogleg, som kan takast stilling til med tanke på gjennomføring.

Ei førebels administrativ arbeidsgruppe, samansett av Ronny Landaas, Alexander Helle og Eirik Bouwer Utne, har sett på korleis arbeidet med å få fram eit ferdig prosjekt for meieriet til kulturføremål kan skride fram. Som skissert tidlegare, er det tre hovudutfordringar i prosjektet, utover det å utarbeide eit ferdig framlegg for meieriet: ei god alternativ løysing for dagens bruk av bygget til verkstad og lager, finansiering av prosjektet utover spelemidlar, andre tilskot og bidrag og til sist ei finansiering av drifta av bygget og tilbodet.

Prosjektet treng detaljert og stadfesta kostnadsanalyse, forarbeid med arkitekt, godkjente teikningar, plan for kulturtekniske installasjonar og ein omfattande runde med lag og organisasjonar for å sikre at bygget vert fleksibelt og tenleg for flest mogleg.

Mars-april 2016	Vidare utarbeiding av konsept og behovsutgreiing. Interne kostnadsutgreiingar. Vurdere alternativ for eksisterande bruk. Presentasjon politiske organ. Økonomiplan 2017.
August-oktober 2016	Møte med lag og organisasjonar gjeldande behovsutgreiinga. Presentasjon politiske organ.
Oktober – desember 2016	Førebuing av å hente inn konsulent-/arkitektteneste. Handsaming av finansiering meieriet og alternativ for dagens bruk
Januar – juni 2017 (dersom finansiering er på plass)	Forprosjekt meieriet, prosjekt verkstad/lager, handsaming av spelemiddelsøknad, andre tilskotsordningar
Juni – september 2017	Innhenting av anbod, godkjenningar

Oktober 2017 – januar 2018	Gjennomføring av rehabilitering meieriet og alternativ for verkstad/lager
Februar 2018	Opning

Det vil vere naturleg å sjå på alternativ for dagens bruk av bygget til verkstad og lager, og finansiering av denne, på same tid. Det er realistisk å forvente opning første kvartal 2018, dersom det kjem på plass finansiering mot 2017 og ein finn eit alternativ for dagens bruk, som kan gjennomførast på same tid. Det vil ikkje vere knytt kostnadar til saka før eit eventuelt forprosjekt vert sett i gang, noko som først skjer etter finansiering eventuelt er på plass.

Folkehelse

Ikkje vurdert i saka

Miljø

Ikkje vurdert i saka

Økonomi

Eit ferdig prosjektert bygg vil medføre kostnadar

Konklusjon

Løypemeldinga ligg føre og viser til framdriftsplanen for å rehabiliterer meieriet til kulturføremål. Realisering av framdriftsplanen er avhengig av finansiering av prosjektet.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek løypemeldinga til vitande og godkjenn arbeidsopplegget i framdriftsplanen.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam		16/402

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
23/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Alkoholpolitisk handlingsplan for Meland kommune 2016-2019

Vedlegg:

Høyring - Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune

Saksopplysningar:

Den kommunale alkoholpolitikken vert forvalta innan dei rammer som er gjeve i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. Ein viser her til [Alkohollova](#) og [Forskrift alkohollova](#) Alkohollova har som mål å redusere dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til, og bidra til å begrense tilgjengelighet og forbruk av alkoholholdig drikk.

Innan desse rammene har kommunen eit betydeleg ansvar, og har fridom til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk. Alkohollova gjev slik lokalpolitisk handlingsrom til å utøve direkte inflytelse på bruk av eit lovleg rusmiddel i lokalsamfunnet.

Alkohollova sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføre skade – både samfunnsmessig og individuelt, der grunnlaget er tufta på at auka totalforbruk av alkohol gjev auka skadeverknader.

Alkohollova § 1-7 pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Planen skal være retningsgjevande både for administrasjon ved førebuing av saker til politisk handsaming, og ved avgjerd om sals- og skjenkebevilgning. I handlingsplanen finn ein retningslinjer, reaksjonsformer ved brot på alkohollova samt kommune sitt reglement om opningstid for sals- og skjenkeløyve. Planen omhandler ikkje øvrige tiltak på rusområdet, slik som anna førebyggjande verksemd.

Alkohollova er endra frå 01.01.2016 og ein vil kort peike på nokre endringar i det følgjande.

Endring i alkohollova vedrørande bevillingsperiode

Alkohollova §1-6 er endra med omsyn til varighet på sals- og skjenkeløyve (bevillingsperiode). Det nye er at kommunestyret no kan ta stilling til om dei som har sals- eller skjenkeløyve treng å søkje på nytt etter avslutta 4 årsperiode.

Nye normerte reglar for inndraging av sals- og skjenkeløyve (prikkbelastning)

Alkohollova § 1-8 og alkoholforskrifta kapittel 10 er endra med verknad frå og med 01.01.2016. Mens det tidlegare var skjønsmessig høve for kommunen til å inndra sals-/skjenkeløyve for ein periode, blir det frå og med 2016 obligatorisk etter statlege gitte kriterier.

Endra heimel i alkohollova § 1-8 om inndraging:

Før: «Ved vurderingen om bevillingen bør inndras, og for hvor lenge, kan det blant annet legges vekt på type overtredelse, overtredelsens grovhet, om bevillingshaver kan klandres for overtredelsen og kva som er gjort for å rette opp forholdet. Det kan også legges vekt på tidligere praktisering av bevillingen.»

No: «Departementet fastsetter i forskrift nærmere bestemmelser om inndragning av bevillinger etter første og annet ledd, herunder saksbehandlingsregler og standardiserte reaksjoner for ulike typer overtredelser.» Bakgrunnen for lovendringa: «Etter departementets vurdering vil et obligatorisk og nasjonalt prikktildelingssystem gi grunnlag for en mer effektiv oppfølging av regelbrudd, samtidig som det vil kunne føre til en betydelig forenkling av kommunenes saksbehandling. For bevillingshavernes del, vil et prikkbelastningssystem også kunne innebære klare fordeler, særlig med hensyn til likebehandling og forutsigbarhet. Det foreslåtte prikktildelingssystemet vil legge til rette for mer rettferdige konkurranseforhold og gi gode rammebetingelser for seriøse aktører.»

Hovudtrekk i prikktildelingssystemet:

- Ved brot på pliktene etter sals- eller skjenkeløyvet som nemd i alkoholforskrifta § 10-3 skal kommunen ilagge løyvehavar eit bestemt antall prikkar.
- To likearta brot avdekte ved same kontroll skal reknast som eitt enkelt brot.
- Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på 1 veke
- Toårsperioden startar med dato for oppdaging av lovbrotet
- Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jfr. alkohollova § 1-6
- Ved overdraging av løyvet startar ny periode, jfr. alkohollova § 1-10 første avsnitt
- Kor alvorleg lovbrotet er avgjer talet på prikkar. Eit enkelt brot kan maksimalt gje åtte prikkar.
- Talet på prikkar skal gjelde per type brot, men fleire likearta brot kan føre til bruk av unntaksbestemmelsen i alkoholforskrifta § 10-4
- Unnataket i § 10-4 opnar for å tildele færre eller fleire prikkar enn det som følgjer av § 10-3

TAL PRIKKAR	OVERTREDING
8	Sal og skjenking til mindreårige Brot på bistandsplikten Brot på kravet om forsvarleg drift Hindring av kontroll
4	Sal og skjenking til openberr påvirka person Brot på tidsbestemmelsene Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til persom mellom 18 og 20 år Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk
2	Openberr påvirka person i lokalet Manglar ved internkontrollsystemet Manglande levering av omsetnadsoppgåver og betaling av gebyr Brot på reglar om styrar og avløyser Gjenteke diskriminering Gjenteke narkotikaomsetnad
1	Brot på reglane om alkoholfrie alternativ Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstaden Brot på reglane om skjenkemengde for brennevin Brot på vilkår i løyvevedtaket Konsum av medbrakt alkohol Gjester tek med alkohol ut Brot på reklameforbodet

Praktisering av prikktildelingssystemet vert i planutkast tilrådd delegert til rådmann. Sjølv avgjer

om inndraging skal vedtakast i kommunestyret.

Vidare er det i planutkast tilrådd at 25 % av gebyrinntektene skal gå til rusførebyggjande føremål. Ungdomsrådet skal ta del i vurdering og avgjerd om bruk av midlane. Øvrige gebyrinntekter vert nytta til kostnadsdekking av kontrollørar/administrasjon.

For øvrige moment viser ein til utkast Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 (vedlegg).

Vurdering

I vedlagt utkast til Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 finn ein framlegg til retningslinjer, reaksjonsformer ved brot på alkohollova samt kommune sitt reglement om opningstid for sals- og skjenkeløyve. Rådmann syner aktuelle framlegg til vedtak relatert direkte i dei ulike kapittel/punkt i planutkast.

Meland legg opp til at kommunen held fast på tidlegare praksis med at ein skal søkje på nytt etter kvar 4 årsperiode i høve til varighet for sals- og skjenkeløyve. Rådmann vurderer at det er ein føremon at kommunane i Nordhordland har sams praksis her mellom anna med omsyn til samhandling om kontrollverksemd.

Frå og med 2016 er bestemmelser om inndraging av sals- og skjenkeløyve forskriftsfesta, herunder saksbehandlingsregler og standardiserte reaksjonar for ulike typer overtredingar. Prikktildelingsystemet er heimla i alkohollova § 1-8 , og er nærare presisert i alkoholforskrifta kapittel 10. Grunna korte fristar for sakshandsaming er det ein føremon at rådmann vert delegert praktisk gjennomføring av prikktildelingsystemet, mens kommunestyret vedtar sjølve inndraging av løyve.

Når det gjeld kommunen sin fridom til å drive eigen alkoholpolitikk viser rådmann mellom anna til planutkast punkt 2.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve. Rådmann legg her til grunn ei vidareføring av retningslinjer frå tidlegare alkoholpolitisk handlingsplan.

Høyringsperiode for planutkast er satt til 4 veker. Utval for levekår vil handsame høyringsinnspel og kommunestyret fattar endeleg vedtak juni 2016.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner at Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2016-2019 vert lagt ut på høyring. Høyringsperiode er 4 veker. Aktuelle høyringssvar skal vurderast i nytt utvalsmøte før oversending til kommunestyret for endeleg vedtak juni 2016.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - H12	16/504

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Orientering om drift Meland sjukeheim

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Leiar for tenesteområde Meland sjukeheim v/Randi R. Minde vil gje ei orientering om organisering og drift av tenesta. Det vert og synfaring på dei ulike avdelingane ved sjukeheimen.

Aktuell presentasjon vert delt ut i møte.

Vurdering

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om drift ved Meland sjukeheim til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		16/607

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016

Aktuelle saker